⁹ Strykprosent vert målt gjennom eksamenssvar som er vurdert til *ikkje bestått* eller bokstavkarakteren *F*

låg i dei enkelte karaktergivande emna, i 2024 var han 3,8 prosent (vedlegg [V19](#)), mot 7,5 prosent i universitet- og høgskulesektoren (HK-dir, 2025).

Vi ser derimot store skilnader i studiepoengproduksjon i høve til forventta langs ulike variablar, det skal vi sjå nærare på under.

Tabell 3.5 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2017/18–2023/24

Studieår	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Del av forventa
2017–2018	22 065	18 456	84 %
2018–2019	23 284	19 597	84 %
2019–2020	25 640	21 076	82 %
2020–2021	31 347	24 783	79 %
2021–2022	34 738	28 045	81 %
2022–2023	35 722	29 471	82 %
2023–2024	39 240	31 402	80 %

Vedlegg: [T3.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Kvifor studiepoengproduksjon og ikkje fullføring på normert tid?

For ei utdanningstype som i stor grad siktar seg inn mot vaksne arbeidstakarar som skal studere på deltid gjennom høg grad av fleksibilitet i tilbudsstrukturen, kan det vere tenleg å vurdere effektiviteten i sektoren ut frå kor stor del av alle planlagde studiepoeng som faktisk vert avlagde. Dette er eit alternativ til å bruke fullføring på normert tid som ein indikator på kvalitet. Forskjellen mellom desse to måtane å telje på er om vi vektlegg tid for gjennomføring av ein heil utdanning, eller om vi vektlegg fullføring av planlagde emne i utdanninga undervegs i utdanningsløpet.

Ei motsetning til å sjå på normert fullføring som ein indikator på kvalitet, er eit mål om å gjere utdanning meir fleksibel og tilgjengeleg for fleire. Det er eit mål at ein ikkje skal bruke lengre tid på utdanninga enn naudsynt, då ein tradisjonelt ikkje er produktiv i arbeidsmarknaden når ein er student. Med fullføring på normert tid ser vi bort i frå alle resultat som ikkje er fullført innan eit gitt tidsrom, og vi vil sjå bort frå alle delar av ei utdanning dersom ikkje siste del òg er gjennomført.

Med ein tilnærming der alle fullførte emnar vert vektlagt som gjennomført læring og auka kompetanse, får alle delar av ei utdanning verdi. Dette gjeld sjølv om fullføringa tek lengre tid enn planlagd, eller om ikkje alle delar av utdanninga vert fullført.

Eit tilleggsmoment i val av tilnærming er graden av fleksibilitet i tilbudsstrukturen. Dette kjem inn som ein faktor som tidvis gjer det svært vanskeleg å følgje ein student frå start til slutt i utdanningsløpet i rapporteringssystema. Dette er til dømes tilfelle der

studentar kan veksle mellom heiltid og deltid, eller mellom nett- og stadbasert undervisning undervegs i utdanninga. Eller tilfelle der utdanningstilboda er modulisert slik at ein kan starte på ein enkelt del. men ende opp med ein heil grad dersom ein tek alle modulane. Auka grad av fleksibilitet i utdanningane utfordrar tanken om normert tid som eit mål på kvalitet.

3.8.2 Store skilnader mellom fagområda

Tabell 3.6 viser at det er stor skilnad i delen produserte studiepoengeiningar av forventa, i dei ulike fagområda. Det er høgst del innfor samferdselsfag (88 prosent) og kreative fag (87 prosent). Tekniske fag ligg like over gjennomsnittet, medan det er klart lågast del produserte studiepoengeiningar innanfor økonomi og administrasjon (72 prosent) og helse og velferd (74 prosent). Låg del produserte studiepoengeiningar peikar anten på fråfall undervegs i utdanningsløpet, eller på at studenten har ein lågare progresjon enn venta.

Skilnaden mellom fagområda kjem tydeleg til syne ved til dømes Gokstad Akademiet, som har nettbaserte tilbod i både økonomi- og administrasjonsfag og tekniske data/IT-fag. Andel avlagde studiepoengeiningar ligg på høvesvis 62 prosent og 81 prosent ved desse faga. Det er vanskeleg å seie kvifor økonomi- og administrasjonsfaga skil seg ut på denne måten, men funn i Studiebarometeret viser òg at desse studentane skil seg ut mellom anna ved at dei i mindre grad svarar på undersøkinga og at nesten halvparten rapporterer at dei ikkje har opplevd arbeidslivsbidrag i utdanninga. Dei skårar òg lågast på sosialt og fagleg læringsmiljø (NOKUT, 2024).

Tabell 3.6 Forventa og produserte studiepoengeiningar etter fagområde, studieåret 2023/24

Fagområde	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Helse og velferd	7 175	5 329	74 %
Kreativ	4 620	4 000	87 %
ØkAdm	5 924	4 269	72 %
Samferdsel	2 659	2 335	88 %
Teknisk	17 822	14 714	83 %
Anna	780	631	81 %
Uoppgitt	261	125	48 %
Totalt	39 241	31 403	80 %

Vedlegg: [T3.6](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.8.3 Låg andel produserte studiepoeng på nettbaserte tilbod

Ser vi nærare på høvet mellom forventa og faktisk avlagde studiepoeng fordelt etter utdanningstype, ser vi at det er langt lågare del gjennomførte studiepoengeiningar i

dei nettbaserte utdanningane enn for dei to andre utdanningsformane, jamfør [tabell 3.7](#). På stadbaserte utdanningstilbod vert 89 prosent av forventa studiepoeng avlagt, tilsvarende 80 prosent på samlingsbaserte tilbod, og 68 prosent på nettbaserte utdanningstilbod.

Fleksibilitet i utdanninga stiller krav til personleg struktur og motivasjon, og Studiebarometeret viser òg at nettstudentane skårar lågt på indeksen for sosialt og fagleg læringsmiljø (Korseberg et al., 2022; NOKUT, 2024).

Tabell 3.7 Forventa og produserte studiepoengeiningar etter utdanningstype, studieåret 2023/24

Utdanningstype	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Stadbasert	15 962	14 159	89 %
Nettbasert	11 524	7 891	68 %
Nettbasert med samling	11 754	9 351	80 %

Vedlegg: [T3.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.8.4 Små forskjellar mellom utdanningar på heiltid og deltid

Jamt over viser tala òg at det er noko lågare andel produserte studiepoengeiningar på deltidsutdanningar (76 prosent) i høve til fulltidsutdanningar (86 prosent), jamfør [tabell 3.8](#). På fagområda der det er eit visst volum av både deltids- og fulltidsstudentar, økonomi- og administrasjonsfag og tekniske fag, er skilnaden mellom deltid og heiltid på 4-6 prosentpoeng. Men delen produserte studiepoengeiningar innanfor økonomi- og administrasjonsfag på fulltid ligg lågare enn for tekniske fag på deltid. Dette tydar på at deltidsutdanningar kan verke inn på, men ikkje aleine forklare en lågare andel produserte studiepoengeiningar.

Tabell 3.8 Andel forventa og avlagde studiepoengeiningar etter heiltids- og deltidsutdanningar, studieåret 2023/24

Andel av heiltid	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Deltid	22 239	16 847	76 %
Heiltid	17 001	14 555	86 %

Vedlegg: [T3.8](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.8.5 Studiepoengproduksjon blir påverka av ulike faktorar

I dei førre delkapitla har vi sett at det er høg andel avlagte studiepoeng i høve til forventa produksjon, men at både fagområde, undervisningsform og heiltid/deltid påverkar resultatet. Truleg vil òg faktorar som finansiering, arbeidsmetodar i faget og

studentanes alder og kjønn spele inn, og det kan være vanskeleg å seie korleis desse faktorane spelar inn på kvarandre, og kva som er mest avgjerande.

Vi ser mellom anna at det er skilnader mellom ulike fagområde og når det gjeld nettbaserte utdanningar. Del av forventa studieproduksjon innanfor helse- og velferdsfag, og økonomi- og administrasjonsfag, er lågare enn tekniske data/IT fag.

Dette ser vi til dømes ved samanlikning av dei tre største fagskulane på nettbaserte tilbod, Noroff, NKI og Medlearn, som til saman har over 70 prosent av alle venta studiepoengeiningar på dei nettbaserte tilboda. Her varierer andelen avlagde studiepoengeiningar frå 79 prosent ved Noroff til 57 prosent ved Medlearn og 46 prosent ved NKI sine tilbod. Medan NKI i all hovudsak tilbyr økonomi- og administrasjonsfag og Medlearn helse- og velferdsfag, har Noroff dei fleste av studentane på data/IT-fag og kreative fag.

Dette bringer oss vidare til finansiering som ein faktor som òg kan ha noko å seie. Medan dei nettbaserte utdanningane i helse og velferd, inkludert tilboda ved Medlearn som nemnd over, i all hovudsak er offentleg finansierte og gratis for studentane, er ein stor del av dei nettbaserte tilboda i data/IT-fag, og alle tilboda ved Noroff, finansierte gjennom skulepengar.

Når ein student betalar for utdanninga si sjølv, er det rimeleg å tru at det kan gje ekstra motivasjon for å gjennomføre. Dette sett i høve til utdanningar som er offentleg finansierte og gratis. For økonomi- og administrasjonsfaga finn vi likevel ikkje nokon slik samanheng med finansieringsform. Tilboda ved NKI, til dømes, er finansierte av skulepengar.

Andre forklaringar kan vere knytte til studentgruppa. Det er til dels store skilnader på kven studenten er, særleg mellom helse- og velferdsfaga og data/IT-faga, på til dømes alder. Dette er noko som òg peikar mot ulike livssituasjonar og krav om å kombinere utdanning og jobb (sjå kapittel 3.4). Vi ser til dømes at det innanfor kreative fag og samferdselsfag er høgare del avlagte studiepoeng i høve til forventa, og her er studentane yngre, men det er òg større grad av stadbaserte heiltidsutdanningar.

3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular


Høgare yrkesfagleg utdanning er ein relevant arena for både grunnutdanning, vidareutdanning og omskolering, og kvart år er det studentar med tidlegare utdanning frå universitet eller høgskule som studerer ved ein fagskule. Som omtala i kapittel 3.6 om opptaksgrunnlag, ser vi mellom anna auka bruk av

realkompetansevurdering for studentar med ei universitets- eller høgskuleutdanning frå før. Det er òg kandidatar frå høgare yrkesfagleg utdanning som tar vidare utdanning i universitet og høgskule.

3.9.1 Overgang frå universitet eller høgskule til fagskule

I 2024 var det om lag 5 200 studentar ved fagskular som tidlegare har vore registrert som student ved eit universitet eller høgskule (sjå [figur 3.19](#)). Dette utgjør 15 prosent av alle fagskulestudentane i 2024. Men berre litt over halvparten (2 700) av fagskulestudentane med ein bakgrunn frå eit universitet eller høgskule hadde fullført ein utdanning der, altså 8 prosent av fagskulestudentane i 2024. Det vil samtidig seie den andre halvparten (2 500), har vore registrert ved eit universitet eller høgskule tidlegare utan å fullføre ei utdanning. Andelen fagskulestudentar med ein bakgrunn frå eit universitet eller høgskule har dobla seg frå 2017, både for dei som har fullført og dei som ikkje har fullført ei utdanning.

Figur 3.19 Studentar ved fagskular som tidlegare har vore registrerte som student ved eit universitet eller høgskule, 2017–2024



Vedlegg: [F3.19](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Blant dei som hadde fullført ei universitets- eller høgskuleutdanning, hadde 60 prosent fullført bachelor eller tilsvarende lågare grad, 35 prosent hadde fullført årseining eller høgskulekandidatutdanning, og 5 prosent hadde ein fullført høgare grad. Det siste svarar til 135 kandidatar i 2024, ein auke på 82 frå året før.

Blant studentane som starta høgare yrkesfagleg utdanning i 2024 utan å ha fullført ein universitets- eller høgskuleutdanning, hadde 68 prosent tidlegare påbegynt eit bachelorstudium eller tilsvarende lågare grad, 27 prosent hadde påbegynt årseining eller høgskulekandidatutdanning utan å fullføre, og 5 prosent hadde starta på ein høgare grad utan å gjere han ferdig.

Tala viser at høgare yrkesfagleg utdanning vert meir og meir relevant og attraktiv for personar med høgare utdanning på ulike nivå, både for dei som har fullført si høgare utdanning og dei som ikkje har gjort det. Formålet med høgare yrkesfagleg utdanning kan då være alt frå ny utdanning og omskolering til vidareutdanning.

Fagskulestudentane med bakgrunn frå eit universitet eller høgskule kjem frå fleire ulike fagområde, og det er ikkje eit tydeleg mønster. Samla sett for alle 5 200 fagskulestudentane i 2024 med ein bakgrunn frå eit universitet eller høgskule var det 21 prosent som kom frå humanistiske og estetiske fag, 21 prosent frå økonomisk- og administrative fag, og 17 prosent frå lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk.

Ser vi på kva for fagområde desse studentane gjekk til i høgare yrkesfagleg utdanning ser vi at 28 prosent gjekk til økonomi- og administrasjonsfag (i stor grad leiing), 27 prosent til tekniske fag (i stor grad data/IT-fag), og 26 prosent til helse- og velferdsfag (om lag likt fordelt mellom helsefag og oppvekstfag).

3.9.2 Overgang frå fagskule til universitet eller høgskule

Talet på fagskulekandidatar som går vidare med utdanning på eit universitet eller høgskule er svært stabilt frå år til år, med om lag 9 prosent av kandidatane som avsluttar utdanninga si det same året ([Tabell 3.9](#).) Dei påfølgande par åra er det ein ytterlegare fem prosentpoeng auke for det same avgangskullet. Etter sju år ser vi at nesten kvar fjerde fagskulekandidat som vart uteksaminert i 2017 på eit seinare tidspunkt har vore registrert som student på eit universitet eller ein høgskule.

Tabell 3.9 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, 2017–2024

Årstal	Tal på fagskulekandidatar	Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved UH (per 15. mars 2024)	Andel fagskulekandidatar seinare registrert ved UH
2017	5 618	1 342	24 %
2018	6 094	1 319	22 %
2019	6 145	1 340	22 %
2020	7 013	1 548	22 %
2021	8 265	1 634	20 %
2022	8 865	1 481	17 %
2023	9 655	1 374	14 %
2024	10 950	1 004	9 %

Vedlegg: [T3.9](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tabell 3.10 viser kva fagområde desse fagskulekandidatane kom frå før dei starta på universitet eller høgskule. Som tidlegare år er det klart flest kandidatar frå dei kreative faga som går vidare til ein universitets- eller høgskuleutdanning same året som dei gjer ferdig fagskuleutdanninga. I 2024 var det heile 20 prosent av alle uteksaminerte kandidatane frå kreative fag som vart registrert som student ved eit universitet eller høgskule same året. Dette er ein auke på eitt prosentpoeng frå 2023, og fire prosentpoeng frå 2022. I økonomi- og administrasjonsfaga var det 12 prosent av alle uteksaminerte kandidatane i 2024 som gjekk direkte vidare, ein auke på eitt prosentpoeng frå 2023. I helse- og velferdsfaga var det 7 prosent av dei uteksaminerte kandidatane, ein nedgang på eitt prosentpoeng frå 2023.

Tabell 3.10 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, fordelt på fagområde for fagskuleutdanninga. 2024

Fagområde	Tal på fagskulekandidatar	Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved UH	Andel fagskulekandidatar seinare registrert ved UH
Helse og velferd	2 969	203	7 %
Kreativ	1 108	223	20 %
Samferdsel	537	4	1 %
Teknisk	3 812	260	7 %
ØkAdm	2 217	269	12 %
Anna	291	44	15 %
Uoppgitt	16	1	6 %
Totalt	10 950	1 004	9 %

Vedlegg: [T3.10](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Dersom utviklinga for 2017-kullet, der kvar fjerde fagskulekandidat har gått vidare til eit universitet eller høgskule, òg gjer seg gjeldande for 2024-kandidatene, vil meir enn 3 300 studentar uteksaminert i 2024 ha starta på ei utdanning ved eit universitet eller ein høgskule innan 2031. Det er klart flest kandidatar frå dei faga der studentane oftast har generell studiekompetanse som går vidare til universitets- eller høgskuleutdanning. Med denne bakgrunnen er dei allereie kvalifisert for opptak til ein slik utdanning, medan dei med til dømes fagbrev må i hovudsak ta ei heil toårig fagskuleutdanning for å kvalifisere til opptak ved eit universitet eller høgskule.

Om nivået på overgangar frå fagskule til universitet og høgskule kjem til å halde ved i dei komande åra er usikkert. Med dei komande endringane i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og gradar, som vil opne for fagskuleutdanning på same nivå

som i universitet og høgskular, er det grunn til å tru at dette bilete kan sjå annleis ut i 2031.

4 Fagskular og utdanningstilbod

Fagskulane skal kunne svare på kompetansebehova i arbeidsmarknaden gjennom praksisnære og fleksible utdanningar av høg kvalitet. Dei skal dekke langsiktige og varige kompetansebehov som til dømes maskinoffiser, lokførar eller elektroinstallatør, men samtidig dekke nye og skiftande behov som dukkar opp med til dømes ny teknologi.

Med den nye meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning, *Fagfolk for ei ny tid – Med høgare yrkesfagleg utdanning* (Meld. St. 11 (2024–2025)), tek regjeringa til orde for at fagskulane får ei større og meir sentral rolle i utdannings- og kompetansepolitikken. Det er eit uttalt mål at fagskulane skal sikre fleire og meir kompetente kandidatar til norsk arbeidsliv. Dette krev solide fagskular med sterke fagmiljø og administrativ kapasitet som evnar å vere fleksible for å møte kompetansebehov i stadig endring, og samstundes skape gode rammer for læring i ulike livsfasar.

Vi ser framleis ein heil del endringar kvart år i fagskulelandskapet. Dei siste åra er det i hovudsak private fagskular som har samla seg til større einingar, samstundes som nye private fagskular har vorte oppretta. I tillegg er det ein fylkeskommunal fagskule som har vorte splitta opp som følgje av fylkesdeling. Fagskulane som slår seg saman ser framleis ut til å halde på dei ulike studiestadane, og i tillegg opprette nye.

Hausten 2024 tel vi 63 fagskular med aktive studentar. Desse fagskulane har 178 studiestader og 2 107 utdanningstilbod. Bak tala ser vi ein mangfaldig sektor, med store variasjonar innan storleik, geografisk spreiding, eigarform, faglege tilbod, med meir. I det vidare skal vi sjå nærare på institusjonane som utgjør sektoren.

4.1 Fagskular og studiestader

Det er institusjonelle endringar i høgare yrkesfagleg utdanning kvart år. Nye fagskular kjem til, nokre blir lagde ned, medan andre fagskular vert slått saman eller splitta opp. Talet på studiestadar endrar seg òg kvart år, og til og med i løpet av året. Difor opererer vi med eit augeblinksbilete på hausten når vi tel fagskular og studiestadar.

Eit mangfald av studiestader gjer utdanningstilboda lettare tilgjengeleg, og gjer det mogleg for fagskulane å svare på kompetansebehovet der det er, og i den perioden behovet er der. Vi ser fleire fagskular som opprettar nye studiestadar, og som samarbeider med studiesentera for å legge til rette for utdanningar på nye stader. Eit døme på dette er fagskulen Innlandet som har heile elleve studiestader berre i Innlandet fylke.

4.1.1 Endringar i institusjonsbilete i 2024

På teljetidspunktet hausten 2024, var det 63 fagskular som rapporterte aktivitet ved 178 studiestader. Dette er tre fleire fagskular enn dei 60 vi talde i 2023. Totalt fire nye fagskular rapporterte aktive studentar i 2024. Dette var Oslo Nye Fagskole AS, Norsk Fjellfagskole, Fagskolen i Finnmark og Brann- og redningsskolen. Fagskolen i Finnmark er skilt ut av Fagskolen i Nord, som held fram som eigen fagskule. I tillegg gjekk AOF Norge konkurs sommaren 2024, noko som gir ein netto vekst på tre fagskular.

Utanfor teljetidspunktet var det fleire institusjonelle endringar i løpet av 2024. [Tabell 4.1](#) viser ein oversikt over endringane blant fagskulane i løpet av heile 2024. I tillegg til dei nye fagskulane, ser vi at dei to private fagskulane AOF Norge AS og International Stunt Academy AS gjekk konkurs.¹⁰ Fagskolen Diakonova AS kjøpte Folkeuniversitetets Fagskole AS og fusjonerte ved årsskiftet 2024/2025. NKI Fagskoler AS og MedLearn AS vart kjøpt opp av eigaren av Fagskolen Kristiania AS, men ei samanslåing av fagskulane er ikkje venta før i løpet av 2025.

Tabell 4.1 Endringar i institusjonsbilete i 2024

Fagskular med endring i 2024	Eigarform	Merknad
Brann- og redningsskolen	Statleg	Ny
Fagskolen i Finnmark	Fylkeskommunal	Gjenoppretta
Norsk Fjellfagskole AS	Privat	Ny
Oslo Nye Fagskole	Privat	Ny
NKI Fagskoler AS	Privat	Oppkjøp
Medlearn AS	Privat	Oppkjøp
AOF Norge	Privat	Konkurs
International Stunt Academy AS	Privat	Konkurs
Folkeuniversitetets Fagskole AS	Privat	Oppkjøp og fusjon inn i Fagskolen Diakonova frå 1. jan 2025
Fagskolen AOF Vestlandet-Agder	Privat	Namneskifte til Fagskolen Tirna
AOF Østfold	Privat	Namneskifte til AOF Østlandet

Vedlegg: [T4.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


4.1.2 Utvikling i talet på fagskular

I [figur 4.1](#) får vi eit bilete av utviklinga i talet på fagskular, fordelt på offentleg og privat eigarskap. Av figuren ser vi ein nedgang i talet på fagskular over tid, samstundes som vi i kapittel 3.1 såg at studenttalet aukar. Nedgangen er særskilt markant dei første åra etter fagskulemeldinga i 2017. Det er i hovudsak i den offentlege delen av sektoren at talet på fagskular har gått ned. I den private delen av sektoren har talet på fagskular

¹⁰ International Stunt Academy gjekk konkurs først rundt årsskiftet 2024/2025, og tel derfor med i det samla talet på fagskular med aktive studentar hausten 2024.

vore nokså jamt kring 45. Det har likevel skjedd store endringar i form av oppkjøp, konkursar og nyetableringar.

Figur 4.1 Fagskular etter eigarskap, 2017–2024



Vedlegg: [F4.1](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Når vi ser på dei offentlege fagskulane, har talet halde seg stabilt på 16 fagskular dei tre siste åra, men aukar til 18 i 2024. Auken skyldast etableringa av den nye statlege fagskulen Brann- og redningsskolen, og oppattrettinga av Fagskolen i Finnmark etter fylkesdelinga.

Av dei 18 offentlege fagskulane er det 12 fylkeskommunale, fem statlege, og éin som er eigd av dei regionale helseføretaka. Der vi i 2023 talde éin fylkeskommunal fagskule i kvart fylke har fylkesdelingane enda med to fagskular, Fagskulen Viken og Fagskulen Vestfold og Telemark, som er eigd av til saman fem ulike fylkeskommunar.

4.1.3 Utvikling i talet på studiestader

I [figur 4.2](#) ser vi utviklinga i studiestader ved offentlege og private fagskular. Figuren viser at talet på studiestader har endra seg over tid. Frå totalt sett 141 studiestader i 2017, har vi i dag 178 studiestader. Det er tre fleire enn i 2023, ein for kvar av dei tre nye fagskulane. Når fagskular vel å oppretthalde og opprette nye studiestader, kan vi gå ut frå at det heng saman med etterspurnaden etter kompetanse, og ønsket om å vere til stades der bedriftene og arbeidstakarane er.

Figur 4.2 Studiestader ved offentlege og private fagskular, 2017–2024

Vedlegg: [F4.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Som vi ser i figuren, har utviklinga i talet på studiestader vore nokolunde lik i offentlig og privat sektor over tid, og det totale talet studiestader aukar i takt med nyetableringar av fagskular og/eller studiestader. Der talet på studiestader i privat sektor gjorde eit lite hopp i fjor, og talet på studiestader i offentlig sektor gjekk ned, ser vi motsett utvikling i år. I 2024 er det totalt 79 offentlege og 99 private studiestader

4.2 Storleiken på fagskulane

Det er store skilnader mellom fagskulane. Nokre er store, med stor breidde i både tilbod og fagmiljø, medan andre er små og spissa. Til dømes hadde den minste fagskulen sju studentar, medan den største hadde nesten 4 000 studentar i 2024.

Vidare kan ein måle storleiken på fagskular etter ulike parameter. I tillegg til talet på studentar, altså talet på personar som tek utdanning, kan ein måle heiltidsekvivalentar (HTE, sjå kap. 3.1.2 for definisjon). Med heiltidsekvivalentar får vi eit tal på aktiviteten ved fagskulane som er samanliknbart på tvers av fagskular som har lange eller korte utdanningar, heiltids- eller deltidsstudentar.

Når vi ser på talet på studentar ved dei offentlege fagskulane, hausten 2024, er det Fagskolen Viken som har flest studentar med meir enn 2 700. Fagskolen Rogaland har 2 400 studentar, medan Fagskolen Vestland har litt over 2 000 studentar. Ser ein på

HTE endrar bilete seg noko. Fagskolen Viken (1 452 HTE) er framleis størst, medan Fagskolen Vestland (1 378 HTE) blir større enn Fagskolen Rogaland som har 1 129 HTE.

Tabell 4.2 Dei tre største offentlege og private fagskulane målt i studentar og heiltidsekvivalentar

		Studentar	Heiltidsekvivalentar
Offentlege fagskular	Fagskolen Viken	2 743	1 452
	Fagskolen Rogaland	2 432	1 129
	Fagskolen Vestland	2 046	1 378
Private fagskular	Noroff Fagskole AS	3 800	3 146
	Din kompetanse AS	2 033	1 016
	Fagskolen Kristiania AS	1 938	1 552

Vedlegg: [T4.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


Blant dei private fagskulane er Noroff størst med 3 800 studentar og 3 146 HTE. Din kompetanse har 2 033 studentar men berre 1 016 HTE, noko som indikerer at alle studentane studerer på deltid. Fagskolen Kristiania har litt færre studentar (1 938) enn Din kompetanse men fleire HTE (1 552). For meir informasjon om forholdet mellom studentar og HTE på dei ulike institusjonane, sjå vedlegg [V3](#).

4.2.1 Fleire store fagskular

I [figur 4.3](#) ser vi ei samanlikning av fagskular i fem ulike storleikskategoriar i åra 2017, 2021 og 2024. Eit heilt klart utviklingstrekk er utviklinga frå fire til 14 fagskular med fleire enn 1 000 studentar. Blant desse fagskulane er det ein fagskule med 3 800 studentar og fem med mellom 2 000 og 2 700 studentar. Totalt har desse 14 fagskulane (22 prosent av alle fagskulane) heile 79 prosent (26 700) av alle studentane.

Ei anna interessant endring er at talet på fagskular med færre enn 50 studentar er høgare i 2024 enn i 2021. Dette skuldast i hovudsak etableringa av fire nye fagskular. Elles er endringane mellom dei ulike storleiksgruppene eit resultat av at fagskular veks over i ein annan kategori, eller at dei slår seg saman og at det derfor vert færre slik som i gruppa 50–100.

Sjå elles vedlegg [V3](#) for eit oversyn over studenttalet for alle fagskular hausten 2024.

Figur 4.3 Fagskular etter storleik målt i talet på studentar, haust 2017, 2021 og 2024

Vedlegg: [F4.3](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.2.2 Tal på fagskular som tilbyr utdanningar i dei ulike fagområda

I [figur 4.4](#) ser vi tal på offentlege og private fagskular med aktive studentar i dei ulike fagområda. Sidan 2017 har det som følge av dei store konsolideringane i sektoren i åra etter, blitt færre fagskular med tilbod i dei fleste fagområda. På økonomi- og administrasjonsfag og fagområdet anna har det likevel blitt totalt sju fleire mellom 2017 og 2024. Frå 2021 ser vi ei dreining mot at det blir fleire fagskular som tilbyr utdanningar i alle fagområde bortsett frå samferdsel. Noko av utviklinga skyldast tilfang av nye fagskular, medan noko skyldast at fagskular utvidar tilboda til område der dei tidlegare ikkje hadde utdanningar.

Det er totalt 25 fagskular med helse- og velferdsutdanningar, 13 offentlege og tolv private. Tekniske utdanningar vert tilbydt ved 28 fagskular. Av desse er 16 fagskular offentlege, medan tolv er private. Dette er ein auke på fire fagskular frå 2023.

Totalt 22 fagskular, 14 private og åtte offentlege, har tilbod i økonomi- og administrasjonsfag.

Figur 4.4 Fagskular etter fagområde og eigarskap, haust 2024

Merknad: Kategorien «Uoppgitt» er fjerna. Fagskulen Kristiania har rapportert tilbod som ikkje er registrert på fagområde.

Vedlegg: [F4.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Det er berre to offentlege fagskular som tilbyr kreative utdanningar, mot 13 private. I samferdselsutdanningar derimot dominerer dei offentlege med ti av totalt 13 fagskular. Dei offentlege har utdanningar i maritime fag og lokførarutdanning, medan dei private har utdanningar i luftfart. Det siste fagområdet, anna, omfattar til dømes utdanningar innan grøne fag, religion og skjønnhetspleie, og vert tilbydt ved ni private og sju offentlege fagskular.

I kapittel [4.5.2](#) ser vi på utviklinga i utdanningstilboda over tid. Sjå vedlegg [V22](#) for meir data om fagskular etter fagområde og storleik i perioden 2017–2024.

4.3 Fagskular og studiestader i dei ulike fylka

I [tabell 4.3](#) ser vi talet på fagskular og studiestader i dei ulike fylka. Den enkelte fagskule vert plassert i det fylket der hovudeininga er registrert, medan ein studiestad er alle stader undervisning vert gjennomført som ikkje er ved hovudeininga. I tillegg til studiestader med ordinære skolebygg, kan studiestader òg vere plassert i tilknytning til ei bedrift, på eit studiesenter, eit fartøyvernsenter, eller ved eit anna høveleg lokale i nærleiken av der studentane bur eller jobbar. Fleire fagskular, både offentlege og private, har studiestader i fleire fylke. Mellom anna har Fagskulen Innlandet, som har

hovudadministrasjonen i Innlandet, studiestader i sju fylke, medan Fagskolen Diakonova, som har hovudadministrasjon i Oslo, har studiestader i elleve fylke.

Tabell 4.3 Fagskular og studiestader per fylke, 2024

Fylke	Fagskular	Studiestader
Agder	4	14
Akershus	3	12
Buskerud	1	7
Finnmark	1	4
Innlandet	5	18
Møre og Romsdal	3	7
Nordland	3	16
Oslo	17	24
Rogaland	4	11
Telemark	1	4
Troms	1	6
Trøndelag	5	18
Vestfold	8	9
Vestland	4	21
Østfold	3	7
Totalt	63	178

Vedlegg: [T4.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


Etter fylkesoppsplittingane av fylka Viken, Vestfold og Telemark og Troms og Finnmark ser vi endringar frå fjorårets bilete. Oslo er framleis fylket som har flest fagskular og studiestader med 17 fagskular og 24 studiestader. Det er fire fylke (Buskerud, Telemark, Troms og Finnmark) som berre har éin fagskule med hovudkontor i fylket. I dei resterande ni fylka ligg talet på fagskular mellom tre og fem.

Ser vi på talet på studiestader endrar bilete seg ein del, og nokre fylke med få fagskular har relativt mange studiestader. Til dømes er det 16 studiestader i Nordland, seks i Troms og fire i Finnmark. Vestland fylke, som berre har fire fagskular, har heile 21 studiestader, og Innlandet med fem fagskular har 18 studiestader. Dette speglar til ein viss grad busetting og geografi i dei ulike fylka.

I [figur 4.5](#) får vi eit visuelt oversyn over den geografiske plasseringa av offentlege (blå) og private (raud) fagskular i 2024, og tilsvarande for fagskulane sine studiestader i [figur 4.6](#). Storleiken på sirklane indikerer talet på fagskular og studiestadar i kommunen.


Den geografiske oversikta viser at det er dei offentlege fagskulane som er mest representert i distrikta, medan dei private studiestadene dominerer i dei bynære områda på austlandet. Det finst likevel private studiestader i alle fylka.

Figur 4.5 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular, 2024



Merknad: Storleiken på ringane indikerer talet på fagskular i den einskilde kommune. For interaktivt kart sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2025/fagskule_kart.html
Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 4.6 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular, 2024



Merknad: Storleiken på ringane indikerer talet på studiestader i den einskilde kommune. For interaktivt kart sjå: dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2025/studiestad_kart.html
Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


4.3.1 Geografi og variasjonar i storleiken på fagskular

I figur 4.7 får vi eit overblikk over korleis fagskular av ulik storleik fordeler seg på dei ulike fylke. Fagskulane er talt i alle fylke der dei har studiestad, og kategorisert etter den totale storleiken på fagskulen for å gi eit bilete av kva slags fagskular som har aktivitet i dei ulike fylka.

Eit hovudtrekk er at dei største fagskulane med over 1 000 studentar har studiestadar i alle fylke. Fagskular med mellom 501 og 1 000 studentar har studiestad i elleve av fylka. Dei minste fagskulane med færre enn 50 studentar finn vi i ti av fylka, men med ein stor grad av konsentrasjon i Oslo og dei sentrale austlandsområda.

Vedlegg [V23](#) inneheld ytterlegare tal på fagskular etter fylke og eigarforhold i perioden 2017–2024.

Figur 4.7 Fagskular etter samla storleik fordelt på fylka der dei har ein eller fleire studiestader, haust 2024



Merknad: Figuren viser fagskulane si samla størrelse, alle studiestader inkludert. Han viser då i kva fylke store og små fagskular er representert.

Vedlegg: [F4.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.4 Fagområdeakkreditering

Fagområdeakkreditering er ein viktig indikator på kvalitet. Ei slik akkreditering inneber at NOKUT har godkjent at ein fagskule har høg nok kvalitet i både kvalitetssystema og fagmiljøa til sjølv å akkreditere og endre utdanningstilbod innanfor det akkrediterte fagområdet. Fagområdet som vert akkreditert må bestå av eitt eller fleire ulike utdanningstilbod. Området skal òg vere tett knytt til eitt eller fleire yrkesfelt, og det vert stilt klare krav til kva kompetanse fagskulen må ha for å kunne ivareta eit slikt ansvar.

Ei fagområdeakkreditering gjer det mogleg for ein fagskule å opprette nye utdanningar utan at utdanningane må verte godkjent av NOKUT, noko som forkortar tida som går frå utviklinga av utdanninga til uteksaminering av nye kandidatar innanfor det gitte fagområdet. På den måten betrar fagområdeakkrediteringane fagskulane si omstillingsevne i møte med endra kompetansebehov.

I 2024 hadde 15 fagskular fagområdeakkreditering på eitt eller fleire fagområde, sjå [tabell 4.4](#). Totalt var det 33 fagområdeakkrediteringar i 2024. Dette inkluderer vedtaka som vart fatta i februar 2025. Det vil seie at det er ein auke på tre fagskular som har fagområdeakkreditering og heile 12 fagområdeakkrediteringar sidan 2023.

Til saman har desse 15 fagskulane meir enn 20 000 studentar, eller 11 156 heiltidsekvivalentar (sjå kapittel [3.1.2](#)), og dekker med det over halvparten av sektoren.

Det er eit mål at fleire fagskular skal oppnå fagområdeakkreditering. I mars 2024 opna Stortinget for at fagskular kan verte institusjonsakkreditert, og med det få større fullmakter til å opprette og endre utdanningar innan alle fagområde (Innst. 290 L (2023–2024)). Endringa har som mål å forbetre fagskulane sin fleksibilitet og omstillingsevne.

Tabell 4.4 Fagskular med fagområdeakkrediteringar, 2024

Fagskule	Fagområde	Fagområdeakkrediteringar
AOF Vestlandet–Agder (Fagskolen Tirna)	Helse og oppvekst Økonomi og administrasjon	2
Fagskolen Aldring og helse	Helsefag	1
Fagskolen i Agder	Maritim Teknisk Helsefag	3
Fagskolen Innlandet	Teknologifag Helsefag Landbruksfag Bygg- og anleggsteknikk Økonomi, administrasjon og leiding	5
Fagskolen i Nord	Verkstadtekniske fag	1
Fagskolen i Viken	Helse Teknisk Økonomi, administrasjon, logistikk og reiseliv	3
Fagskolen Kristiania	Helse og oppvekst Design, kommunikasjon og teknologi Kommersiell scenekunst – tolking og formidling Økonomi og administrasjon	4
Fagskolen Møre og Romsdal	Teknisk	1
Fagskolen Rogaland	Helse og oppvekst Økonomi og administrasjon Teknisk Maritim	4
Fagskolen Vestfold og Telemark	Helse	1
Fagskulen Vestland	Tekniske fag Helsefag*	2
Folkeuniversitetets fagskole AS	Helsefag Økonomi, administrasjon og logistikk	2
MedLearn AS	Helse og oppvekst	1
Norges grønne fagskole – Vea	Grøne design og miljøfag	1
Nordland fagskole	Elektro* Helsefag*	2
	Totalt	33

Merknad: Dei tre fagområdeakkrediteringane merka med stjerne () fekk innstillinga i 2024, men endeleg vedtak først i februar 2025 då styremøte sett til desember 2024 vart utsett. AOF Norge som gjekk konkurs er ikkje tatt med i tabellen*

Vedlegg: [T4.4](#)

Kjelde: NOKUT, HK-dir/DBH-HYU

4.5 Utdanningstilboda

Det er lovbestemt at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere praksisnær og møte behovet for kvalifisert arbeidskraft i samfunnet (fagskolelova, §4). På grunn av den tette koplinga til arbeidslivet blir høgare yrkesfagleg utdanning ofte omtala som arbeidslivets skule. For å møte både lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov, vert det tilbydd eit mangfald av utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning. Utdanningane vert utvikla i eit tett samarbeid med arbeidslivet. I dette kapitlet skal vi sjå på kva slags tilbod som finst, og kva som kjenneteiknar dei ulike fagområda sin tilbodsstruktur.

4.5.1 Tal på utdanningstilbod i sektoren

Høgare yrkesfaglege utdanningar skal vere tilgjengeleg i heile landet og tilpassa folk i arbeid. For å møte dette kan eitt og same utdanningstilbod vere tilbydd fleire stader, og med ulike variasjonar. Hausten 2024 vart det registrert 2 107 høgare yrkesfaglege utdanningstilbod. Dette er ein auke på 241 tilbod frå 2023. I desse tala er alle variasjonar av utdanningane registrert, noko som betyr at det som i innhald er ei og same utdanning kan bli tald fleire gonger fordi den vert tilbydd på ulike måtar. Til dømes kan ei utdanning vere tilbydd både som heiltids- og deltidsutdanning, eller på ein eller fleire av utdanningsformene; stadbasert, nettbasert med samling eller nettbasert. Utdanningstilbodet blir tald for kvar variant av tilbodet som har aktive studentar. Alle desse variasjonane er viktige for å synleggjere det breie spekteret i det samla tilbodet i høgare yrkesfagleg utdanning, og for studentane gjer desse variasjonane at tilboda vert meir tilgjengelege.

Når ein ser på unike tilbod, altså tek vekk alle variasjonane innanfor kvar utdanning, var det totalt 419 utdanningstilbod i 2024. Desse 419 tilboda vert altså tilbydd i 2 107 ulike variantar.

I [tabell 4.5](#) ser vi både talet på unike utdanningstilbod og alle dei ulike variasjonane, fordelt på fagområde. Det er flest utdanningar innan tekniske utdanningar (806) etterfølgt av helse og velferd (583) og økonomi og administrasjon (445).

Tabell 4.5 Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, haust 2024

Fagområde	Unike utdanningstilbod	Talet på utdanningstilbod med ulike variasjonar
Helse og velferd	101	583
Kreativ	47	145
Samferdsel	7	49
Teknisk	127	806
ØkAdm	89	445
Anna	47	73
Uoppgitt	1	6
Totalt	419	2 107


Vedlegg: [T4.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.5.2 Utvikling i tal på utdanningstilbod over tid

I [figur 4.8](#) ser vi korleis talet på utdanningstilbod med ulike variasjonar innanfor dei ulike fagområda har utvikla seg sidan 2017. Medan tala på utdanningstilbod innanfor fagområda samferdsel og kreativ har vore rimeleg stabile, er det ein markant auke innanfor tekniske fag, helse- og velferdsfag og økonomiske og administrative fag. Utviklinga for dei tekniske faga kan ein sjå i samanheng med endringar i kompetansebehova som følgje av megatrender i samfunnet, som mellom anna teknologiutvikling og grøn omstilling (Kompetansebehovsutvalget, 2022). Det er òg i dette fagområda vi har sett størst vekst i studenttalet ([figur 3.3](#)), og endring i tilbodsstrukturen med mellom anna framvekst av korte og fleksible tilbod.

Utviklinga må òg sjåast som eit resultat av ein fagskulepolitikk med auka fokus på å styrke samarbeidet med arbeidslivet og få fleire nye utdanningar som svarar på dei nye kompetansebehova. Konkrete kompetansepolitiske tiltak, som mellom anna Industrifagskolen, Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling, Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning, Ordning for fleksibel og desentralisert utdanning med meir, har ført til mellom anna utvikling av nye utdanningstilbod i samarbeid med arbeidslivet og til ein vekst i både tilbod og personar som tek tilboda.

Figur 4.8 Utdanningstilbod etter fagområde per år, haust 2017–2024

Merknad: Utdanningstilbod med uoppgitt fagfelt vises ikkje i figuren. Sjå vedlegg for tal på desse tilboda.

Vedlegg: [F4.8](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 4.8 viser ein nedgang i utdanningstilbod innan helse- og velferdsfag dei to siste åra. Dette betyr ikkje at vi utdannar færre kandidatar med kompetanse på helse- og velferd. Som vi såg i kapittel 3.2 aukar talet på studentar som tek utdanningar i helse- og velferdsfag. Endringa i talet på helse- og velferdsutdanningane heng delvis saman med rapporteringstekniske grunnar, men òg nedlegging av tilbod grunna konkursar og oppkjøp. Når det kjem til det rapporteringstekniske, ser vi at fleire fagskular har gjort revideringar i både namn og innhald på eksisterande utdanningar, mellom anna etter revideringa av nasjonale planar. I ein overgangsfase vil det difor vere studentar som er tatt opp og fullfører løpet ved den «gamle utdanninga», parallelt med at det er tatt opp og registrert studentar på «ny utdanning». I denne overgangsfasen vil altså det som i praksis er ei og same utdanning kunne ha fått endringar i namn eller revidert innhald, og dermed bli talt fleire gonger, noko som vil gje eit unaturleg høgt tal på utdanningstilbod, noko vi ser særskilt i åra 2022 og 2023. I 2024 ser vi at fleire fagskular har fullført denne overgangsfasen – altså at studentar som var tatt opp ved utdanninga før endringane no er uteksaminerte. Når vi ser på registrerte utdanningstilbod er det grunn til å forvente at rapporteringstekniske grunnar vil påverke tala også komande år.

Tekstboks 3 Kompetansebehovsutvalet og digital omstilling

Kompetansebehovsutvalet skal gje sine beste faglege vurderingar av kompetansebehov for framtida. Regjeringa har bedt utvalet om å særleg sjå på korleis digital teknologi påverkar kompetansebehova i arbeidslivet og samfunnet.

Tidleg i juni 2025 inviterte utvalet aktørar frå arbeidsliv, forskning og utdanning til innspelsmøte. Her presenterte dei elleve påstandar om korleis digital teknologi kan påverke kompetansebehova, og kva som skal til for å lykkast med digital omstilling. Påstandane er baserte på utvalet sine førebelse analysar, og er ikkje uttrykk for dei endelege vurderingane.

Utvalet presenterte mellom anna to påstandar om utdanningssystemet som tilbydar av kompetanse:

Kunstig intelligens kan svekkje læringsprosessar dersom elevar og studentar overlèt kognitivt krevjande oppgåver til teknologien, i staden for å utvikle eigen kompetanse.

- For å støtte læring og sjølvregulering bør kunstig intelligens i utdanningssystemet først takast i bruk når elevar og studentar har utvikla kompetansen som er nødvendig for å bruke teknologien på ein kritisk og reflektert måte.
- Utdanningssystemet bør leggje vekt på å utvikle den digitale kompetansen til elevar og studentar framfor å auke bruken av digitale verktøy.

Lærarar og undervisarar må bli betre rusta til å styrkje den digitale kompetansen til elevar og studentar.

- Arbeidsgjevarar bør i større grad leggje til rette for at lærarar og undervisarar får høve til å utforske digitale verktøy og til å heve den digitale kompetansen sin.

Kompetansebehovsutvalet sin rapport kjem i desember 2025. Der kan ein sjå korleis påstandane har utvikla seg.

Kjelde: Kompetansebehovsutvalet, <https://www.kompetansebehovsutvalget.no/>


4.6 Gradar og studiepoeng

Utdanningstilboda i fagskulesektoren varierer i både omfang og form. Dei toårige utdanningane er på 120 studiepoeng eller meir, og gir høgare fagskulegrad, medan utdanningar på eitt til halvtanna år gir 60–90 studiepoeng og fagskulegrad. Utover desse tilboda er no det vanlegaste tilbodet dei kortare studietilboda på under 30 studiepoeng, vanlegvis på mellom fem og ti studiepoeng. Desse tilboda har vakse frem frå 2019, først etter ein unntaksbestemming i lova, men frå 2021 som ei permanent utviding av tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning. Vi ser no ein auke i delen av desse tilboda frå fjorårets rapport. I tillegg kjem utdanning på mellom 30 og 59 studiepoeng, eller mellom eit halvt og eitt års studium. Dei fleste utdanningane vert tilbydd på deltid, og har derfor ein reell varigheit på nesten det dobbelte av den tida som talet på studiepoeng angir. I dette kapittelet vil vi sjå nærare på omfang før vi i kapittel [4.7](#) går vidare til form.

4.6.1 Variantar av utdanningstilbod, studiepoeng og gradar

[Figur 4.9](#) viser den prosentvise fordelinga av utdanningstilbod i kategoriane høgare fagskulegrad, fagskulegrad, korte utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng og kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Hausten 2024 var det 2107 studietilbod, ein auke på 241 frå 2023. I figuren ser vi at 39 prosent av tilboda kvalifiserer til fagskulegrad, medan 22 prosent gir høgare fagskulegrad. Dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng saman med kortare utdanningane på mellom 30 og 59 studiepoeng utgjer nesten 40 prosent av tilboda i sektoren.

Samanlikna med 2023 ser vi ein auke i delen kortare studietilbod under 30 studiepoeng på 10 prosentpoeng. Utdanningstilbod som gjev fagskulegrad har gått ned med sju prosentpoeng og korte utdanningstilbod med tre prosentpoeng sidan 2023. Den relative delen av høgare fagskulegrad ligg om lag på same nivå.

Figur 4.9 Fordelinga av studie- og utdanningstilbod etter omfang målt i studiepoeng, 2024

Vedlegg: [F4.9](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.6.2 Høgare fagskulegradar og fagskulegradar

Figur 4.10 viser korleis utdanningstilbod av ulik lengde fordeler seg på dei ulike fagområda. Sjå òg vedlegg [V25](#) for ytterlegare fordeling på fag. Innanfor samferdselsfaga og dei kreative faga er det ei overvekt av høgare fagskulegradar. Nesten 4 av 5 utdanningstilbod innanfor samferdselsfaga er høgare fagskulegradar. Også for tekniske fag er det ei overvekt av utdanningar som gjer høgare fagskulegrad. Dei tekniske faga har lang tradisjon for å tilby slike toårige gradsutdanningar, men dei siste åra har kortare studietilbod under 30 studiepoeng blitt stadig viktigare. Dette ser vi nærare på under.

I helse- og velferdsfag eksisterer det nesten ikkje høgare fagskulegradar, sjølv om det finst eksempel på at dette er under utvikling. I dette fagområdet er det klart flest utdanningstilbod på fagskulegrader på 60 studiepoeng. Også i økonomi- og administrasjonsfag er det ei stor overvekt av utdanningar som gjer fagskulegrad. I helse og velferd gjer over 70 prosent av utdanningane fagskulegrad, medan tilsvarende tal for økonomi og administrasjon er om lag 50 prosent.

I vedlegg [V26](#) viser vi utdanningstilboda fordelt på fagområde og omfang i 2017–2024.

Figur 4.10 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2024

Merknad: Utdanningstilbod med uoppgitt fagfelt vises ikkje i figuren. Sjå vedlegg for tal på desse tilboda.

Vedlegg: [F4.10](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.6.3 Dei korte tilboda

Som nemnt over skil vi mellom korte utdanningstilbod på mellom 30 og 59 studiepoeng, og kortare studietilbod på under 30 studiepoeng. Dei korte utdanningstilboda på mellom 30 og 59 studiepoeng finn vi i størst utstrekning i økonomi- og administrasjonsfaga (22 prosent) og helse- og velferdsfaga (12 prosent).

